

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 14/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr:

SØKNAD OM SKILØYPE TIL REVULEN

Etter forskrift til motorferdselsloven kan opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for allmennheita og for konkurransar skje utan løyve, når det blir gjort av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter. Grunneigar kan nekte eller stille vilkår til slik køyring.

Fjellstyret har tidlegare drøfta skiløypenettet i allmenningen fleire gonger og gjorde i sak 86/02 følgjande vedtak:

Fjellstyret tilrår at Statskog opprettar avtale med Vasetløypene, Nøsen løypelag, Vestfjelløypene, Eivind Fosheim og Knut Kjøs Egge. I avtalen skal det stillast vilkår om bruk av korrigert løypenett som er utarbeidd etter møtet med løypelaga.

Fjellstyret vil kjøpe inn markeringsvest med tekst "løypekjøring" som skal brukast av dei som kjører løyper. I tillegg bør det arbeidast ut laminert bevis der vilkår for kjøringa går fram. Pålegg om bruk av dette må også inngå som ein del av avtalen.

Fjellstyret tilrår også mindre endringar på løypekart for kjøring med kommunalt løyve og kjøring med direkte heimel i motorferdselsloven.

I brev datert 5.2.03 har fjellstyret motteke søknad frå løypelaget ved Revulen – Langestølen v/Arne M. Huseby om å få knytte løypenettet i Ulnes sameige til løypenettet ved Flyin. Løypa er på ca 1,5 km og følgjer eksisterande stig frå Revulen til Flyin.

VEDTAK:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og tilrår at Statskog opprettar avtale med søkjaren på same vilkår som dei andre dei andre løypelaga.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog, Pb 62 2901 Fagernes
Arne M. Huseby, Postboks 294 Bragernes, 3001 Drammen
Nøsen løypelag v/Nøsen fjellstue 2960 Røn
Eivind Fosheim 2960 Røn